



Austrheim kommune
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Dato: 08.06.2015
Vår ref.: 2014/23340-91
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Midlar til planlegging av gang- og sykkelstrategi

Vi viser til søknad om midlar for utarbeiding av heilskapleg gang- og sykkelstrategi for Austrheim kommune. Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 150.000,- til prosjektet.

Regionaldirektøren vurderer at tiltaket passar inn i fylkeskommunen sine strategiar for å auke attraktiviteten for å sykle og gå. Tilskotet vil dekkast over budsjettet til Klimaplan for Hordaland. Vi ber om at de signerer og sender tilbake vedlagte akseptskjema. Tilsegna må betalast ut innan utgangen av 2015.

Prosjektgrunnlag

Vi legg til grunn følgjande ved vurdering og rapportering av prosjektet:

Mål:

- Å leggje betre til rette for at fleire går og sykklar når dei skal frå A til B, slik at kommunesentrum vert mindre bilbasert.
- Å gjere det meir attraktivt å gå og sykle for rekreasjon og mosjon i kommunesentrum.

Organisering:

- Prosjektleder: Frode Hervik
- Prosjektansvarleg: Asbjørn N. Toft

Godkjende kostnader og finansieringsplan:

Budsjett		Finansieringsplan	
Utvikling av sykkel- og gangstrategi	100 000	Midlar frå Klimaplan for Hordaland	150 000
Prosjektering sykkel- og gangveg strandpromenade	200 000	Austrheim kommune	100 000
		Austrheim kommune, eigeninnsats	50 000
Sum	300 000	Sum	300 000

Vilkår for tilskotet

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.

- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

- Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.
- *Sluttrapporten* skal seie noko om:
 - ◇ Bakgrunn for prosjektet
 - ◇ Mål med prosjektet
 - ◇ Oppnådde resultat
 - ◇ Vurdering mot oppsette mål
 - ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)
 - ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet

Utbetaling

- Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke. Når prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport med sluttrekneskap til fylkeskommunen.
- Revisor skal attestere sluttrekneskapen.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Tale Halsør, 55 37 80 11, tale.halsor@hfk.no.

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Tale Halsør
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Asbjørn Nagell Toft

Frode Hervik

Anne-Kathrine Vabø

Regionalavdelinga sin økonomistab v/Anne-Grethe Stenhjem: kontostreng 10.160.402.00